

Erlend Trones
Stryteberg 2
5781 LOFTHUS

26. april 2022

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Høyringsvar – endringar i domstolsstrukturen

Eg syner til høyring om mogleg reversering av endringane i domstolsstrukturen som vart gjennomførde i samband med domstolsreforma i 2021. I tillegg til mitt eige høyringsvar, legg eg ved eit intervju i Hardanger Folkeblad frå 16.04.2022 med lagdomar Per Jordal, som med gode fyrstehandskunnskapar gjev eit glimrande og velformulert forsvar for lokale tingrettar.

Eg støttar framlegget frå regjeringa til reversering av endringane i domstolsstrukturen i heile landet og serskilt for Hardanger tingrett av fylgjande grunnar (meir om kvart punkt nedanfor):

- grunngevinga om at større einingar vert meir effektive, er bevisleg feil
- store einingar gjev auka byråkratisering
- løysinga som er vald struper dei små rettsstadene
 - tunge saker vert overførde til større rettsstader
 - faren for overdriven spesialisering og smalare spekter av tenester
 - ledige stillingar som ikkje vert fylte pga. overdriven spesialisering
 - folk treng varierte arbeidsoppgåver
 - «filialsykje» (jamn nedtur med sikker utgang)
 - fråverande og mangelfull leiing
- den individuelle karakteren ved arbeidet som domar gjer at verdien av større fagmiljø er sterkt avgrensa
- advokatar ved mindre rettsstader misser oppdrag pga. innsnevring i tenestetilbodet og fordi dei «vert gløymde» av dei større rettstadene
- smalare spekter av tenester ved små rettsstader gjev minska advokatbehov
 - tapping av tilgangen til juridisk bistand lokalt gjev redusert rettstryggleik
 - lang reiseveg for politi, partane og advokatar for andre rettstenester
- summen av ulike sentraliseringstiltak syg livskrafta ut av lokalsamfunna
- ein illusjon at fagmiljøa vert større når dei fysiske rettsstadene er dei same som før
- barnesaker utgjer ein stor del av sakene ved alle rettsstader, og desse opparbeider alle domarar seg kompetanse i uansett
- verdien av lokalkunnskap
 - den auka rettstryggleiken i å ha domarar med god lokalkunnskap
- mellomløysinga som vart vald hausten 2020 mangelfullt utgreidd og utilstrekkeleg grunngeven

Utover desse punkta har eg til slutt eit innspel til framlegget om felles saksinntak, og til ordninga med forliksråd, som i dag utgjer eit alvorleg trugsmål mot folks rettstryggleik.

Grunngjevinga om at større einingar vert meir effektive, er bevisleg feil

Det er naturlegvis feil at store, samanslegne tingrettar er meir effektive enn små tingrettar. For det fyrste finst det ikkje dokumenterte tal på at dei større tingrettane er meir effektive. Justisdepartementet er i høyringsnotatet sjølv inne på dømet med Bergen tingrett, der Riksrevisjonen fann at dei som Noregs største fullfaglege domstol var ein av domstolane med *lengst* sakshandsamingstid. Som departementet påpeikar, er det mest sentrale for sakshandsamingstida kva forholdet er mellom talet på saker som kjem inn og talet på tilsette til å handsama dei aktuelle sakene.

Store einingar gjev auka byråkratisering

Det burde vera eit ålment kjent faktum at det er større samordningsproblem og større behov for kontroll innan store organisasjonar enn i små, noko som skaper større behov for mellomleiarar og administrativt tilsette i store einingar, kort sagt meir byråkrati. I organisasjonsteori heiter det at det er stordriftsfordelar å henta i større einingar, men røynslene for forvaltninga i Noreg dei seinare tiåra har synt at dei nemnde samordningsproblema og kontrollbehova i store einingar har slege i hel dei positive verknadene som i teorien skulle koma. Dette er noko ein til dømes har sett tydeleg i samband med samanslåingar innanfor universitets- og høgskulesektoren i Noreg. Desse røynslene burde slå kaldt vatn i blodet på dei som ivrar for samanslåingar innan forvaltninga her til lands, anten det gjeld domstolane eller andre institusjonar.

Løysinga som vart vald hausten 2020 struper dei små rettsstadene:

- **Tunge saker vert overførde til større rettsstader**

Fleire mindre rettsstader har allereie no etter mindre enn eitt års røynsle med ny struktur erfart at tingrettane flytter dei tyngre rettssakene inn til hovudkontora (den største rettsstaden), og at dei små rettsstadene vert sitjande att berre med dei enklaste mengdesakene. Brukarane, dvs. partane, vitne, advokatar og politi, må då likevel reisa lange avstandar for å få handsama sakene sine. Når denne tendensen allereie viser seg i dag, må ein rekna med at det vert mykje meir av det i framtida, og det undergrev fordelane som vart meint med å behalda lokale rettsstader.

- **Faren for overdriven spesialisering og smalare spekter av tenester**

Overdriven spesialisering (samlebandsoppgåver) kan gjera små rettsstader lite brukte lokalt, noko som i neste omgang kan «rettferdiggjera» nedleggjing. Det er ein overhangande fare for at fleire av oppgåvene ved dei små rettsstadene etter kvart vert sentraliserte til dei større rettsstadene, jf. at kravet om spesialisering av arbeidsoppgåvene var ein viktig del av argumentasjonen for samanslåingane frå Domstolskommisjonen si side. Tanken var at viss nokon t.d. berre jobbar med tvangssaker, vert dei «spesialist» på slike saker, og at dei dermed vert meir effektive. Det er det grunn til til å tvila på, i og med at slik samlebandsproduksjon er lite inspirerende å arbeida med. Men kanskje meir alvorleg er at slik spesialisering ev. vil fjerna vedkomande frå kontakten med lokalbefolkninga, og at sentralisering av mange av dei andre tingrettsoppgåvene vil minska verdien for lokalsamfunnet ved å ha ein lokal rettsstad.

- **Ledige stillingar som ikkje vert fylte pga. overdriven spesialisering**

Folk flest trivst best med varierte arbeidsoppgåver. Skal det vera noka von om å behalda dei små rettsstadene over tid, må dei behalda eit variert tenestetilbod, og dei må evna å rekruttera folk med relevant juridisk bakgrunn. Dersom tenestetilbodet (utvalet av rettstenester) vert innsnevra, slik det er grunn til å venta, og det vert stor grad av spesialiserte samlebandsoppgåver, er det god grunn til å venta rekrutteringsproblem ved dei små rettsstadene. Då vil leiinga fort kunna bruka det til å sentralisera stillingane når nye stillingar vert lyste ut. Det har me heilt konkret sett etter samanslåinga av Hardanger politidistrikt med Hordaland politidistrikt. For kort tid sidan fanst det tri påtalejuristar på Hardanger politistasjon i Odda. No er éi stilling flytt til Kvam, og dei to andre stillingane flytte til Bergen etter at Vest

politidistrikt med hovudkontor i Bergen hevda at dei ikkje fekk tilstrekkeleg kvalifiserte søkjarar i Hardanger.

- **Fråverande og mangelfull leiing**

For små rettsstader utan noka lokal leiing vert det typisk praktiske problem i det daglege med å ikkje ha noka lokal leiing. Dei tilsette vert gjerne overlatne til seg sjølv utan nokon med mynde til å ta naudsynte avgjerder, og små problem, som tidlegare som enkelt vart løyste der og då, vert store. I høyringsnotatet ser det ut til at departementet har innsett problema med felles leiing, og det er bra, men tilgangen til unntak bør gjerast snevrare. Helst bør ordninga opphevast heilt, sidan ein framleis har høve til å setja inn mellombelse leiarar dersom det oppstår behov i kortare periodar. Som eit minimum bør det setjast ei tidsavgrensing, t.d. slik at ein berre kan ha felles domstolsleiar i opptil eitt år.

- **«Filialsykje» – jamn nedtur med sikker utgang**

I det vedlagde intervjuet frå Hardanger Folkeblad seier lagdomar Per Jordal fylgjande: «Historisk er filiallivet som alderdomen; jamn nedtur og sikker utgang». Han grunngjev dette slik: «eg trur reint erfaringsmessig at slike filialar som ikkje er sjølvstyrte og ikkje har eiga leiing, over tid vil bli tappa for oppgåver, elles vil dei få ein slags smalare portefølje som påverkar rekrutteringa og ressurstildelinga.» Fyrst forsvinn leiinga, so reduserer ein tenestetilbodet, so minkar talet på brukarar, so brukar ein det til å grunngje nedskjeringar i stillingar. Naturleg avgang vert brukt til ytterlegare nedskjering, og til slutt tvingar ein gjennom ei full nedleggjing.

Ei slik filialsykje har mange lokalkontor innan offentleg administrasjon lokalt her lide under dei seinare åra, og med god grunn. Fråvær av lokal leiing og ei lokal økonomistyring er årsak til dei fleste problema. Små kontor har ofte andre problem enn større einingar. Ei fråverande leiing har mangelfull forståing for dette, og fysisk fråvær gjer at leiaren helst interesserer seg for hovudkontoret der han eller ho sit sjølv. Når det kjem økonomisk smalhans, vert filialane freistande salderingspostar, og det finst inga lokal leiing som effektivt kan kjempa imot.

Den individuelle karakteren ved arbeidet som domar

Å arbeida som domar er eit *individuell* arbeid, der ein ikkje arbeider felles som team om einskildsaker. Som lagdomar Per Jordal peikar på i det vedlagde intervjuet frå Hardanger Folkeblad, kan han ikkje rota til ei sak med å snakka om henne med ein kollega som ikkje har vore i same rettssak som han sjølv. Domarane er individuelt ansvarlege for sine eigne domar og sine eigne voteringar. Verdien av større fagmiljø vil difor vera sterkt avgrensa.

Advokatar ved mindre rettsstader misser oppdrag fordi dei «vert gløymde» av dei større rettstadene

Me ser allereie at spesialisering i domstolane fører til at advokatane lokalt misser arbeidsoppdrag. Advokatane på Voss får til dømes aldri oppdrag fra rettsstaden i Bergen, korkje som forsvarar, bistandsadvokat, medhjelpar i tvangssal eller bustyrar i konkursbu eller offentlig skifte. Det gjeld både før og etter samanslåinga mellom Bergen og Hardanger tingrett. Sakshandsamarane i Bergen «gløymar» at det finst andre advokatar enn dei som sit i Bergen. (Dette tok advokatane på Voss opp på ein konferanse om domstolsreforma som ble halden på Voss 11. mars i år.) Dersom t.d. konkurssaker eller skiftesaker i framtida skal handsamast ved rettsstaden i Bergen i staden for i Hardanger pga. krav til spesialisering, viser røynslene allereie at det går ut over heile det juridiske tilbodet i ein større region, ikkje berre i Hardanger, men òg i tilgrensande område. Oppdrag for domstolane er ei viktig inntektskjelde for advokatar, som kjem i tillegg til private oppdrag. Om advokatane misser arbeid for domstolane, kan det føra til at dei må leggja ned, noko som gjev dårlegare tilgang på rettshjelp i eit stort geografisk område.

Smalare spekter av tenester ved rettsstadene gjev minska advokatbehov

Dersom Domstolkommisjonen sine tankar om spesialisering vert realiserte, slik at det vert eit smalare spekter av juridiske tenester ved dei små rettsstadene, vil det òg medverka til mindre lokalt inntektsgrunnlag for advokatane. Denne tappinga av tilgangen til juridisk bistand lokalt vil raskt koma både frå at sjølve rettsstaden innsnevrar tilbodet sitt, og i neste omgang frå lokale advokatar, som opplever at inntektsgrunnlaget fell bort. Totaleffekten for innbyggjarane vil då verta redusert rettstryggleik når det då vert fleire timar å reisa til nærmaste advokat og til nærmaste domstol. Her må det nemnast at det òg vert lang reiseveg for det lokale politiet når dei skal i domstolen, og det kan neppe vera serleg rasjonell samfunnsorganisering at politiet, t.d. her i Hardanger, etter kvart må reisa tri timar kvar veg, til saman seks timar til og frå Bergen, for store og små ærend i domstolen, og like eins for advokatar og partane i ei rettssak som er so uheldige å bu langt frå Bergen.

Eg har sjølv opplevd å ha bruk for hjelp frå advokat, og då har det vore lett å ta ein rask tur til Odda for å få slik hjelp. Like eins har eg hatt behov for rettleiing frå tingretten, og då har eg kunna svippa innom den lokale tingrettslokalet. Dersom eg hadde måtta reist heilt til Bergen, og brukt heile dagen på reisa frå og til Hardanger, hadde det vorte mykje høgere terskel for å søkja profesjonell, juridisk bistand. På alle plan i samfunnet fører minska tilgang til mindre bruk, og på dette feltet til redusert rettstryggleik for dei som bur langt frå ein by, dersom dei små tingrettane etter ein smalhans-periode som «rettsstad» etter kvart sjuknar bort og forsvinn.

Summen av ulike sentraliseringstiltak syg livskrafta ut av lokalsamfunna

Det var ikkje tilfeldig at vala i 2019 og 2021 nærmast vart distriktsopprør, der serskilt Senterpartiet fekk stor framgang. Summen av dei ulike sentraliseringstiltaka dei seinare åra medverkar samla sett til å suga livskrafta ut av lokalsamfunna i Noreg, der den eine reforma etter den andre har som konsekvens å fjerna statlege og kommunale arbeidsplassar frå distrikta, og samla det meste av offentleg tenestetilbod på nokre få byar og større tettstader. Dei to vala har synt at dette ikkje er noko befolkninga ynskjer, og det er heller ikkje rasjonelt eller bra for landet å konsentrera befolkninga i nokre få regionssenter, korkje ut frå beredskapsomsyn eller sosiale omsyn. Skal ein halda liv i lokalsamfunna, må staten vera villig til å halda oppe eit fullverdig tenestetilbod for folk i heile landet. Det må òg inkludera eit fullverdig juridisk tenestetilbod.

Barnesaker og behovet for sterk kompetanse

Alle kan vera einige i at det bør vera solid kompetanse hjå domarane i barnesaker. Her bør det fyrst nemnast at barnesaker utgjer ein stor del av sakene ved alle rettsstader, og Dommerforeningen har gjort det klart at *alle* domarar opparbeider seg god kompetanse i desse sakene uansett. Dersom mange av domarfullmektig-stillingane no vert omgjorde til faste domarstillingar, slik regjeringa føreslår å gjera, løyser det resten av problemet med at urøynde domarfullmektigar får slike saker.

Fleire av Oslo-avisene, t.d. VG og Aftenposten, har nærmast drive kampanjejournalistikk mot reversering av domstolsreforma, moglegvis fyrt opp av Barneombodet med barnesakene som hovudargument. Her er det verdt å leggja merke til at det ikkje finst nokon statistikk eller noka truverdig forskning som tilseier at mindre domstolar gjer ein dårlegare jobb enn dei større. Det ville heller ikkje gje meining at det skulle vera slik. Kvaliteten på domsavgjerdene avheng av kvaliteten på dømekrafta til den enskilde domaren. Kvar enskild domar får ikkje betre eller dårlegare dømekraft av å vera tilsett i ein stor tingrett i staden for ein liten tingrett. Det vesle som er vist til av forskning frå Domstolskommisjonen, som skal syna betre kvalitet ved store domstolar enn ved små, er tunt og vanskeleg å ta alvorleg. Som nemnt tidlegare er det òg ein illusjon at det vert noko «større fagmiljø» so lenge dei tilsette framleis skal sitja fysisk plassert på dei same rettsstadene fleire timars reis frå dei større rettsstadene som dei er samorganiserte med. Videomøte og fagsamlingar kan domarane og sakshandsamarane uansett ha på tvers av domstolene, slik det òg vart gjennomført før omorganiseringa i 2021.

Verdien av lokalkunnskap

Ei fullgod bevisvurdering kan i ein stor del av sakene berre gjerast av domarar som bur og lever blant dei som dei dømmer. Ein viktig del av rettstryggleiken ligg nettopp i å ha domarar med god lokalkunnskap, som kan vurdera haldet i dei argumenta partane kjem med ut frå dei lokale forholda.

Ein domar skal skilja lygn frå sanning og vurdera kva som er sannsynleg og usannsynleg, og då er lokalkunnskap uvurderleg, der ein kan trekkja vekslar på kunnskap om stader, avstandar, personar, miljø, lokale gjengangar og lokal kultur når ein skal vurdera om t.d. ei vitneforklaring heng på greip. Di fjernare forhold ein har til desse ulike faktorane, di vanskelegare vert det for domarane å laga seg eit heilskapleg bilete av kva som har føregått i ei sak. Her er det verdt å peika på det lagrettsdomar Per Jordal seier i det vedlagde intervjuet i Hardanger Folkeblad: «Kjerneoppgåva til tingretten, og årsaka til at det er utruleg viktig at den har ein desentralisert struktur, er at tingretten og sorenskrivaren skal få tak på faktum. Då må du helst ha dommarar som bur og lev[er] blant dei dei skal dømme. For meg er det heilt grunnleggjande.»

Mellomløyisinga som vart vald hausten 2020 var mangelfullt utgreidd og utilstrekkeleg grunngrunnen

Mellomløyisinga som vart vald i 2020 med å slå saman tingrettar, men behalda rettsstadene, vart ikkje skikkeleg utgreidd pga. den førre regjeringa sitt hastverk, og ordninga har tunt fagleg grunnlag.

Den førre regjeringa hadde venteleg hastverk fordi dei på førehand rekna med å missa regjeringsmakta ved valet i fjor haust. FrP sa dei var imot reforma, men snudde likevel på hælen då det verkeleg galdt. Med reforma har ein fått ei dårleg kompromissløyising som ingen er fornøgde med, og som heller ikkje innfrir Domstolskommisjonen sitt opphavlege mål om å fjerna dei minste rettsstadene.

No finst rettsstadene der som før med dei same tilsette, dei same bygningslokala, det same tekniske utstyret og (inntil vidare) stort sett dei same arbeidsoppgåvene. Det er soleis lite som skal til av endringar for å fjerna att det ulukkelege tilværet dei små rettsstadene no har som filialar utan makt til å ta små eller store avgjerder, og med lang avstand til makta.

Kostnadene med ei reversering kan umogleg vera noko i nærleiken av den storleiken som Domstoladministrasjonen hevdar. Eg vil tru at gamle skilt, konvoluttar og stempel frå i fjor framleis ligg att på mange av kontora, og at kostnadene i all hovudsak dreier seg om tekniske tilpassingar og t.d. utlysing av stillingane som sorenskrivar. Då er det verdt å merkja seg at fleire av dei «gamle», tilsidesette sorenskrivarane truleg vil søkja opp at på dei tidlegare stillingane sine. Desse sit framleis som domarar ved dei same rettsstadene som før, og dei har framleis «sorenskrivarløn» i dag. Det vert soleis heller ikkje snakk om store ekstraavgifter knytte til løn.

--

Spørsmålet om felles saksinntak

I høyringsnotatet etterlyser departementet innspel til framlegget om å etablera ei ordning med felles saksinntak felles for fleire rettskrinsar for å leggja til rette for effektiv saksdeling der domarane kan avlasta kvarandre på tvers av domstolane. Det er ikkje ei ordning som bør etablerast. Som departementet sjølv peikar på, vil framlegget utfordra sjølvstendet og høvet til å styra ressursane for den einskilte domstolsleiaren, og det kan gradvis medverka til ei skjult undergraving av sjølvstendet og grunnlaget for dei einskilte tingrettane.

Slik det er i dag, har tingrettane ein felles teknologisk plattform for inntaket av saker, der sakene i utgangspunktet kjem direkte inn og vert journalførde ved den tingretten saka tilhøyrer geografisk. Det er teknisk enkelt å overføra ei sak til ein annan tingrett eller til ein sakshandsamar ved ein annan tingrett dersom tingretten sjølv i kvart einskilt tilfelle konkluderer med at det er ynskjeleg. Men det må framleis vera opp til kvar tingrett å avgjera i kvart tilfelle om dei vil overføra saker til andre tingrettar

som melder om ledig kapasitet, eller som samtykkjer til å hjelpa til når ein annan tingrett har ein bylgjetopp av saker. Då sikrar kvar tingrett seg mot å unngå eit ufrivillig domenetap når det gjeld t.d. visse typar saker, samstundes som dei har full moglegheit til å dra vekslar på hjelp frå andre tingrettar der dei vurderer at det er både forsvarleg og ynskjeleg. Slike overføringar av saker bør det oppmuntrast til, men utan tvang, slik at det vert signalisert som noko positivt å be andre tingrettar om hjelp når det trengst, og slik at ein har ei lett tilgjengeleg løysing i tilfelle der det ved mindre tingrettar førekjem større svingingar i saksinngangen.

--

Forliksråd og mangelen på rettstryggleik

Det er kanskje mange som ikkje er klar over det, men forliksrådet er ikkje berre ein stad der partane i ein tvist kan forhandla og prøva å koma fram til ei semje. Forlikråda er domstolar på det lågaste nivået, der folk utan nokon juridiske kunnskapar kan avseia rettsgyldige domar basert på skipperskjøn og egne fordomar. Etter tvistelova kan dei berre avseia dom når tvistesummen er under 200 000 kroner, men eg har sjølv erfart at dei i praksis òg avseier dom i saker som gjeld langt større tvistesummar. Eg var tidlegare ikkje klar over at det fanst slike «folkedomstolar» i Noreg, og det sjokkerte meg å finna ut at slike organ kan avseia rettsgyldige domar med inngripande verknad utan at det er basert på juridisk fagkunnskap. Det er heller ikkje ei frivillig sak om ein vil i forliksråd eller ikkje. Alle som er uheldige nok til å verta innstemnde i ei forliksrådssak, kan koma inn under denne domsmakta sine vilkårlege domsavseiingar.

Uavhengig av det som gjeld tingrettsstrukturen, støttar eg framlegget i Tor Langbach sitt høyringssvar om å stilla krav til juridisk kompetanse ved forliksråda. Det bør raskast mogleg innførast krav om at alle forliksrådsleiarar skal vera ferdig utdanna juristar. Dersom departementet delvis vil fasa ut bruken av domarfullmektigar ved tingrettane, kunne rolla som leiar i forliksrådet vera ein ny, veleigna introduksjon til arbeidslivet for nyutdanna juristar. Dersom ein ikkje går inn for den løysinga, bør departementet uansett ta opp heile forliksrådsordninga til full gjennomgang, og vurderer om ein skal fjerna eller innsnevra tilgangen deira til å avseia rettsgyldige domar, eller om ein skal skrota ordninga heilt og erstatta henne med noko anna som faktisk ivaretek rettstryggleiken til folk i tvistesaker. Men i motsetnad til Langbach meiner eg at forliksråda berre kan eksistera som eit supplement til tingrettane, og absolutt ikkje som noko som erstattar tingrettane si rolle.

Konklusjon:

- Domstolsreforma frå 2021 bør reverserast
- Hardanger tingrett bør gjenopprettast som sjølvstendig tingrett
- Det bør ikkje innførast felles saksinntak, men tingrettane kan gjerne oppmuntrast til å hjelpa kvarandre ved høve og behov
- Domarfullmektig-stillingar bør i stor grad endrast til faste domarstillingar
- Leiarar for forliksråda utan juristkompetanse bør so snart som mogleg bytast ut med juristar, ev. bør heile forliksråd-ordninga forbeistrast eller skrotast
- Alle kan vera samde i at rettstryggleik for innbyggjarane og høg kvalitet på domsavgjerdene er det viktigaste, og at snevre distriktssyn ikkje skal koma i vegen for det. Men ein viktig del av domsavgjerdene består i å fastslå korrekt faktum, og til det er lokalkunnskap eit heilt naudsynt element. Lokale tingrettar er difor heilt naudsynte for å halda oppe kvaliteten på domsavgjerdene.

Med venleg helsing

Erlend Trones
lokal brukar av rettstenester

Vedlegg: Intervju i Hardanger Folkeblad 16.04.2022 med lagdomar Per Jordal

Lagdommar Per Jordal går hardt ut mot domstolreforma.

– Historisk er filiallivet som alderdomen; jamn nedtur og sikker utgang



Per Jordal, lagdommar Foto: Inga Øygard Jaastad

Publisert 16.04.22 17:00

[Inga Øygard Jaastad](#)

Per Jordal er lagdommar i Gulating lagmannsrett. Han trur me er best tent med å desentralisere makt, òg domstolsmakt.

For abonnentar

1. mai 2021 var domstolreforma eit faktum. 60 tingrettar var vorte til 23, og Hardanger tingrett var slått saman med Bergen tingrett til Hordaland tingrett. Reforma kom på tampen av regjeringa Solberg si styretid. No er det Arbeidarpartiet og Senterpartiet som har danna regjering, og noko av det dei gjekk til val på var reversering av domstolreforma. Reversering av denne er no ute på høyring, med høyringsfrist 26. april.

«For å opprettholde den høye tilliten, må domstolene kunne fungere like godt under nye rammebetingelser, nå og i fremtiden. Det nedsettes derfor et utvalg for å gjøre en ny utredning av hvordan domstolene bør organiseres for å være best mulig rustet til å ivareta forventninger om effektivitet og kvalitet og sikre deres uavhengighet gjennom omskiftelige samfunnsforhold.»

DOMSTOLSKOMMISSJONENS MANDAT

– Bryt med tradisjonar

Lagdommar Per Jordal frå Odda er ein av dei som har tatt til motmæle mot domstolreforma. Hardanger Folkeblad møter han på kontoret i Gulating lagmannsrett i Bergen.

– *Reforma er gjennomført. Kva tenkjer du no om reversering?*

– Reversering er heilt naudsynt, tenkjer eg. Det er eit steg i riktig retning. Det er eit framsteg.

Jordal forklarar bakgrunnen for at han meiner det er viktig med ei reversering slik:

Utgreiinga til Domstolskommissjonen var basert på eit anna forslag enn det som vart resultatet. Det var forslag om å legge ned to tredjedelar av tingrettane, og to tredjedelar av jordskifterettane. Det som då vart greia ut, var fysisk nedlegging. Toppene i domstolnoreg, var einige i dette forslaget. Domstolforeningen var einig, Domstoladministrasjonen var einig, og førstelagmennene var einig.

– Tyngda, altså toppene, leiarane, var einige i å legge ned alle desse domstolane, kommenterer Jordal.

Saka held fram under biletet.



Per Jordal, lagdommar Foto: Inga Øygard Jaastad

Han forklarar vidare:

Då dette forslaget kom, kom motstanden. Dei råka tingrettane gjorde motstand og tok til motmæle. I mars 2020 kom regjeringa på banen, og føreslo eit slags kompromiss: domstolane som var føreslått lagt ned skulle behaldast som rettsstader, men utan eigen leing og status som eigen domstol. Forslaget vart sendt ut på høyring, med frist i mai 2020. Høyringsfristen vart utsett til juni 2020, og samstundes vart sak om domstolreform meldt opp til Stortinget.

– Her er det mykje som bryt med tradisjonar. Å melde opp ei sak til Stortinget før høyringsfristen er ute, blant anna. Då er ein ikkje mykje interessert i den høyringsrunden, meiner Jordal.

Dette reagerte representantar i Stortinget på. Tidsramma lét seg ikkje gjere, og ein meinte det mangla prosess. Opposisjonen fekk med seg FrP på å seie at regjeringa ikkje trengde å kome med noko forslag til endring av domstolstrukturen. Då hausten kom i 2020, og det var tid for framlegging av statsbudsjettet, gjekk regjeringa inn i forhandlingar med FrP. Det som då kom på bordet var domstolreforma. FrP skifta side att, og reforma vart vedtatt like før jul 2020.

– Me fekk vedtatt ei rein blå reform. I norsk samanheng er det svært avvikande. Eg trudde det var opplese og vedtatt i politikken at når ein skal gjere radikale forandringar i denne storleiken, skal ein ha eit breitt stortingsfleirtal, seier Jordal.

Og det er ikkje berre dei politiske representantane han reagerer på:

– Domstoltoppane har gått i krigen for ei blå reform, og det forundrar meg. Det handlar om forholdet mellom politikk, domstol og juss.

Utvalget må vurdere om det bør åpnes for flere permanente rettssteder for samme domstol eller at det kan avholdes rettsmøter flere steder, som alternativ til opprettholdelse av flere domstoler. Det

må også vurderes i hvilken grad dommerembeter og domstollederstillinger bør knyttes til flere domstoler og om domstolstilknytningen kan være fleksibel.

DOMSTOLSKOMMISSJONENS MANDAT OM DOMSTOLSTRUKTUR

Reversering

Domstolreforma tredde i kraft 1. mai 2021. For Hardanger sin del betydde det at Hardanger tingrett var historie, og var no gjort om til ein rettsstad under Hordaland tingrett. Sorenskrivaren, leiaren av tingretten, sit i Bergen.

Same år var det val. Dei raudgrøne hadde gjort det klart allereie då reforma vart vedteke at dersom dei kom i posisjon, ville reversering skje. Senterpartiet og Arbeidarpartiet vart vinnarane, og no er reversering av domstolreforma på ute høyring.

– Det som er oppsiktsvekkande for meg, etter å ha stått i denne debatten i fleire år, er at folk som eigentleg burde vore trent i å sjå at saker ikkje berre har ei side, ikkje anerkjenner at det finst argument imot. Domstolkommisjonen drøfta ikkje andre modellar, og tok ikkje imot motargument, seier Jordal.

Saka held fram under biletet.



Gulating lagmannsrett: Arbeidsstaden til Per Jordal. Foto: Inga Øygard Jaastad

Det han ser på som mest problematisk no, er at dei same som var for fysisk nedlegging då den første utgreiinga frå Domstolkommisjonen kom i 2019, er dei same som støttar den ordninga ein enda opp med, som var ei omgjerding av sjølvstendige domstolar til rettsstader under samanslåtte domstolar.

– Meiner dei det dei sa i 2019, eller meiner dei no at dette er framtidsretta og noko dei vil jobbe for? spør Jordal.

Kvalitetsforskjellar?

Jordal trur at domstolstrukturen, slik den er no, kan gjere det utfordrande å rekruttere dommarar til dei mindre rettsstadene. Sorenskrivaren utgjer ei viktig rolle i utnemninga av nye dommarar. Vidare er det viktig å sikre ein breidde i det domstolen driv med. Faren er at dei mindre stadene kan verte spissa inn mot spesifikke felt, noko som igjen kan problematisere rekrutteringa av dommarar.

– Dette er mi oppfatning, basert på erfaringar. Det er slik det fungerer, og det er ikkje lause spekulasjonar. Me har ei grunngeve oppfatning av at dette kjem til å utvikle seg i feil retning, uavhengig av om det er god vilje.

– *Du som lagdommar, som tek imot saker frå tingrettane, ser du forskjell i kvaliteten på sakene?*

– Nei, det er ikkje mogleg. Me ser ikkje forskjell etter reforma, og det let seg ikkje lese ut ifrå dommen om den er avsagt i ein stor eller ein liten domstol. Det er ikkje dokumentasjon for å seie at det er kvalitetsforskjellar mellom store og små. Det er forskjell på kvalitet, ja, men det handlar ikkje om storleiken på domstolen.

– *Har du nokon tankar om rettstryggleiken til brukarane er betre eller dårlegare i større eller mindre domstolar?*

– Rettstryggleiken kan omfatte mykje, og det kjem an på kor ein vel å leggje fokuset. Det handlar til dømes om tilgang på advokatar; finst det advokatar ein kan oppsøke i nærleiken? Om det ikkje er ein domstol i nærleiken, er det få advokatar der. Det viktigaste for meg er å ha lokalt baserte dommarar. Det handlar om bevisvurdering.

– Kjerneoppgåva til tingretten, og årsaka til at det er utruleg viktig at den har ein desentralisert struktur, er at tingretten og sorenskrivaren skal få tak på faktum. Då må du helst ha dommarar som bur og lev blant dei dei skal dømme. For meg er det heilt grunnleggjande. Det er ein fordel at du er lokalt basert, og lev livet ditt der.

Professor og rettshistorikar Jørn Øyrehagen Sunde fortel at det var i 1591 at ein fekk oppretta den domstolstrukturen ein har i dag, med ei hierarkisk ordning frå tingrett, til lagmannsrett og til Høgsterett. Tingretten er førsteinstans, medan lagmannsretten som mellominstans skulle vere meir spissa på jussen. Høgsterett driv utelukkande med juss, og ikkje faktum. Dette vart spissa på 1990-talet.

– Det var tanken den gongen, seier Øyrehagen Sunde om det Per Jordal her påpeikar om at tingretten, og sorenskrivaren, skulle ha kontroll på dei lokale tilhøva og faktum i sakene. Han viser til både etableringa i 1591, og spissinga på 1990-talet.

Han seier likevel at om dette framleis er tanken, kan diskuteraast, men at det går fint an å argumentere for at ein lokal tingrett er den som er best eigna til å vurdere faktiske bevis.

Saka held fram under biletet.



Gulating lagmannsrett Foto: Inga Øygard Jaastad

Jordal støttar heller ikkje argumenta om å skape større og breiare fagmiljø i større, samanslåtte domstolar.

– Ein mister gjerne eit grunnleggjande aspekt ved kva det vil seia å vera dommar. Det å vere dommar er ein personleg, individuell jobb. Dette er ikkje noko «teamwork». Det er ikkje eit kollektivt ansvar. Me er ansvarleg for vår eiga votering. Det betyr at når eg har vore i retten er ikkje dette ei sak eg kan vinkle inn ein kollega som ikkje har vore i retten på. Om eg er her i Bergen, eller på Lofthus, er eg ansvarleg for å ikkje rote det til med å snakke med nokon som ikkje har vore i same rettssak som meg.

– *Trur du domstolane i dag er meir robuste, effektive og fagleg sterkare enn kva dei var før reforma?*

– Det er nesten ikkje til å tru at nokon meiner at dette kan dokumenterast. Då vil eg berre minne om at dette er ei reform som har verka i mindre enn eitt år, og som har verka i ein koronasituasjon der domstolane fekk eit kjempeløft økonomisk og færre saker kom inn. Er det eitt år det er umogleg å seie noko om effektivitet, så er det det året me har bak oss no. Eg skal ikkje utelukke at det har skjedd bra ting. Mitt svar på dette er likevel at dette er det ingen som veit noko sikkert om, det bør alle vite.

– *Barneombudet, med fleire, hevdar at det vil verte dramatisk for rettstryggleiken til barn, dersom domstolsreforma vert reversert. Har du ein kommentar til det?*

– Barneombudet har haldt dette som ein hemmelegheit fram til forslag om reform kom på bordet. Dersom det var sånn at små domstolar representerte ei rettstryggleiksutfordring for barn, kor har

Barneombudet vore dei siste 20–30 åra? Det vert no arbeidd med ny barnelov, der har det ikkje vore eitt innspel som går på struktur. Heller ikkje frå Barneombudet. Barneombudet snakkar om større fagmiljø og kunne kanskje hatt eit poeng dersom barnesaker var noko dommarar sjeldan kom borti. Det er det ikkje. Det er i dag knapt nokon sakstype alle norske dommarar jobbar så mykje med som barnesaker..

Jordal dreg særleg fram følgande sitat frå Domstolkommisjonen sitt mandat:

Det er stadig flere saker for domstolene og de er generelt mer krevende enn før, blant annet på grunn av økende internasjonal påvirkning på norsk rett og samfunnet generelt. Dette stiller store krav til dommernes kompetanse og kapasitet. Også befolkningen og demografien har endret seg, blant annet gjennom innvandring og at en større andel av befolkningen bor i sentrale strøk. Kommunikasjon og arbeidsmåter endres i takt med digitaliseringen av samfunnet.

Til dette seier han mellom anna:

– Det er ikkje dei kompliserte sakene som utgjer kvardagen for oss. Dei finst, men det har dei alltid gjort. Storparten av sakene handlar om promillekøyning, sedløyse og vald, i dag som før. Det viktigaste i kvardagen er ikkje internasjonal finjuss. Det å kjenne geografien, til dømes, er grunnleggjande viktig i tingretten.

– **Det er fint med kollegaer, men i 2022, med all mogleg teknolgi tilgjengeleg, er det konstruert å gjera større fagmiljø til eit kritisk behov. Mange har interessa av å framstille det me driv med som spesielt krevjande og vanskeleg, og me fortener sikkert høgare lønn òg. Dette handlar jo også om å pynta på biletet av oss sjølve, og å få andre til å tru at me er verd mykje, ikkje minst i kroner og ører.**

Kva med framtida?

– *Trur du rettsstad Lofthus, eller avdeling Hardanger, kan overleve som rettsstad om det ikkje vert reversering?*

– Eg kostar ikkje på meg andre teoriar enn at dei som står i spissen for dette vil det beste. Men eg trur reint erfaringsmessig at slike filialar som ikkje er sjølvstyrte og ikkje har eiga leiing, over tid vil bli tappa for oppgåver, elles vil dei få ein slags smalare portefølje som påverkar rekrutteringa og ressurstildelinga. Historisk er filiallivet som alderdomen; jamn nedtur og sikker utgang.

– *Finst det grep for å styrke Hardanger tingrett, eller eventuelt rettsstad Lofthus?*

– Mange grep! Eg kjenner meg heilt trygg på at ein tingrett i Hardanger, som me har hatt i over 400 år, er fullt mogleg å drive vidare. Ein kan tilføre nye oppgåver. Sakstilgang er ikkje noko problem. Me kan tenke kreativt og nytt. Er det behov for særleg kompetanse, kan ein samarbeide, kanskje med Kartverket og kommunen. Det må gå an å samarbeide om funksjonar. Det er liv laga i 400 år til, men det må vere vilje.



Miniseminarer Digitale domstoler i Oslo tinghus i 2016. Sven Marius Urke, direktør i Domstoladministrasjonen var innleder på seminaret. Foto: Vidar Ruud

Domstoladministrasjonen og Domstolkommisjonen svarar

Hardanger Folkeblad spør direktør for Domstoladministrasjonen, Sven Marius Urke, om dei no meiner det var forslaget som kom frå Domstolkommisjonen i 2019 som var det beste, eller om dei no meiner at det som vart resultatet er det beste.

– Domstoladministrasjonen meiner at den løysinga som no er på plass er betre enn den løysinga so vart føreslått av Domstolkommisjonen. Dette fordi den kombinerer og balanserer relevante omsyn – som nærleik til brukarane, god ressursutnytting og sterke fagmiljø – på ein betre måte. Difor har Domstoladministrasjonen føreslått at dagens struktur bør lovfestast, svarar Urke.

– *Meiner Domstoladministrasjonen at reforma har vore vellykka, og i så fall på kva måte?*

– Ja, Domstoladministrasjonen meiner at reforma er svært vellukka sjølv om den berre har fungert over ein relativt kort periode. Det visast i denne samanheng til vår høyringsuttale som detalj gjer greie for effektane som allereie er oppnådd.

Urke syner elles til Domstoladministrasjonen [sitt høyringssvar](#) til reversering av domstolreforma.

Me spør òg leiar for Domstolkommisjonen, Yngve Svendsen, om å kommentere saka. Han er òg sorenskrivar i Oslo tingrett.

– *Vart argument mot ei slik reform diskutert og vurdert i kommisjonen?*

– Kommisjonen var heile tida mottakeleg for argument både for og imot endringar av strukturen, og inviterte òg til det. Til dømes: me inviterte alle domstolleiarane i lagmannsrettane, tingrettane og jordskifterettane til regionmøte for å få innspel, der 80 personar møtte, ein sorenskrivar og ein jordskifterettsleiar som begge var markerte motstandarar av samanslåinga vart invitert til møte med heile kommisjonen, og gjorde då greie for sine syn, og me besøkte fire domstolar som trakk fram argument mot samanslåing og hadde òg møte med to regionråd og med tillitsvalde frå ein domstol som argumenterte mot samanslåing, svarar Svendsen.

– *Kva og korleis vart motargumenta vurdert?*

– Argumenta mot samanslåing vart vurdert opp mot argumenta for samanslåing. Vurderingane og avvegingane går fram av utgreiinga, avsluttar kommisjonsleiaren.